

Hordaland fylkeskommune
Medlemmer i Utval for opplæring og helse

Kopi:
Fylkesrådmann Rune Haugsdal
Fylkesdirektør for opplæring Svein Heggheim

Knarvik, 8. februar 2017

SAK: SERVICE OG SAMFERDSEL MÅ OPPRETTALDAST VED KNARVIK VIDAREGÅANDE SKULE

Regionrådet i Nordhordland og Nordhordland Næringslag er begge svært opptatt av å ha gode vidaregåande skular i regionen, noko begge partar har jobba mykje med i samband med skulebruksplanen. Vi er også svært opptatt av å behalde utdanningsprogram i regionen.

Vi viser til artikkel i Nordhordland avis 2. februar d.å. der fylkesdirektøren for opplæring avviser at det tette samarbeidet utdanningsprogrammet Service og samferdsel har med næringslivet i Nordhordland, blir svekka når utdanningsprogrammet skal flyttast til Åsane vgs i 2020.

Dette er vi ikkje einige i, vi meiner at samarbeidet vil bli kraftig svekka. Næringslivet i Nordhordland vil bli taparen, saman med elevane. Vi grunngjev det slik:

- Nordhordland, og særskilt Mongstad, har mange bedrifter med stort behov for arbeidskraft innan logistikk. Våren 2016 fekk alle elevane som ønska det lære plass, ei tydeleg stadfesting av at det er behov for utdanninga i regionen.
- Regionen treng lokal arbeidskraft. Når elevane har praksis- og lære plass i bedrifter utanfor regionen, er sjansen stor for at dei ikkje returnerer til regionen.
- Knarvik vgs har eit tett samarbeid med lokale bedrifter når det gjeld utplassering og lære plassar. Dersom utdanningstilbodet forsvinn til Åsane vil ein miste den lokale kontakten.
- Bedriftene i regionen har alltid støtta Austrheim og Knarvik vgs gjennom å tilby lære plassar. Den same støtta kan vi ikkje rekne med dersom utdanningsprogrammet ikkje finst i regionen.
- Med omsyn til miljø ser vi det også som lite tenleg å flytte elevar frå Nordhordland til Åsane.

Fylkeskommunen har ein uttalt, anstrengt økonomi. Ved å oppretthalde tilbodet Service og samferdsel i Knarvik, vil fylkeskommunen:

- Sikre kompetent, lokal arbeidskraft samt styrking av faglig nivå i bedriftene.
- Spare pengar gjennom redusert arealbehov i Åsane.
- Bidra til å vidareutvikle den positive trenden som utdanningsprogrammet har i Nordhordland.

Vi viser også til fråsegn frå Regionrådet i Nordhordland datert 29. februar 2016, samt fråsegn frå Nordhordland Næringslag datert 19. februar 2016, der begge sterkt går i mot ei flytting til Åsane.

Vennleg helsing



Karstein Totland
Leiar Regionrådet Nordhordland



Richard Sulen
Styreleiar i Nordhordland Næringslag